

Planprogram for detaljreguleringsplan for Kolbotten II næringsområde

Oppdragsgiver

Krefter AS

Oppdrag

Detaljreguleringsplan for Kolbotten II næringsområde

Rapport type

Planprogram

Prosjektnr.

21273

Dato

13.05.2011

Planprogram



Krefter AS | Planprogram for detaljreguleringsplan for Kolbotten II næringsområde

Innhold:	side
1 Om planarbeidet	4
1.1 <i>Prosjektmål</i>	4
1.2 <i>Om tiltaket</i>	5
1.3 <i>Krav om konsekvensutgreiing av planen</i>	5
2 Planområdet.....	6
2.1 <i>Planavgrensing</i>	6
2.2 <i>Bruk av planområdet</i>	6
2.3 <i>Tilkomst</i>	7
2.4 <i>Eigedomstilhøve</i>	7
3 Overordna planar og føringar	7
3.1 <i>Nasjonale føringar</i>	7
3.2 <i>Regionale føringar</i>	8
3.3 <i>Kommunale føringar</i>	8
4 Alternativ	10
5 Konsekvensar for miljø og samfunn.....	11
5.1 <i>Metode og omfang</i>	11
5.2 <i>Utgreiingsprogram</i>	12
5.3 <i>Andre tema som skal vurderast i planomtalen</i>	16
6 Organisering av planprosess	18
6.1 <i>Medverknad og informasjon</i>	18
6.2 <i>Arbeidsopplegg og framdrift</i>	18

Forord

Forslag til planprogram for detaljreguleringsplan for Kolbotten II næringsområde, i kommuneplanens arealdegl nemnt som næringsområda N17E, N01 Kolbotten II og R/N01 Tolstadmoen. Planprogrammet er utarbeidd av Nordplan AS for oppdragsgivar og forslagsstiller Krefter AS.

Kontaktpersonar i Vågå kommune er Ingunn Moen Helland og Pål Inge Sanden.

Ansvarleg styresmakt for behandling og godkjenning av planprogrammet er planutvalet Vågå kommune og for godkjenning av detaljreguleringsplanen er Vågå kommunestyre.

Forslag til planprogram blir kunngjort i lokalavisa Fjuken og lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Planprogrammet er elles tilgjengeleg på kommunen si nettsider. Det vert også sendt til aktuelle partar for uttale.

Eventuelle synspunkt, merknader og innspel til planarbeidet skal sendast til :
os@nordplan.no. Post/besøk til Nordplan AS: Vågåvegen 35, 2680 VÅGÅ og/eller evt til Vågå kommune, Edv. Stormsveg 2, 2680 Vågå.

Eventuelle spørsmål kan rettast til:
Nordplan as v/Øyvind Sødal
Tlf. 96797990

Fristen for å kome med merknader, innspel og kommentarar er **xx.xx.XXXX**

1 Om planarbeidet

1.1 Prosjektmål

Prosjektet sitt hovedmål er å tilrettelegge for utviding av dagens næringsområde på Lalm i Vågå kommune, der det vil lagt til for etablering av datasenter. Forslagsstiller vurderer området som attraktivt for etablering av datasenter da om det ligg gunstig til for energiforsyning og nødvendig teknisk infrastruktur. Planarbeidet skal også legge til rette for naudsynte sikringstiltak mot skred/flaum, veg/infrastruktur, samt masseuttak med næring som etterbruk.

Planarbeidet skal sikre areal med juridisk riktig arealformål til etablering av datasenter og tilhøyrande infrastruktur og finne relevante løysingar for å utnytte spillvarmen frå eit datasenter. Det vil bli lagt til rette for at øvrig næringsareal kan nyttegjere denne energien.

Planarbeidet skal bidra til avklarte grensesnitt mot konsesjonslovgiving etter vassressurskova for eventuelt uttak av kjølevatn, samt eventuelle konsesjonspliktige, høgspente elektriske forsyningsanlegg.

Faktaboks

Eit datasenter er eit anlegg samansett av serverar og andre komponentar som blir brukte til å organisere, behandle, lagre og transportere store mengder data.


Datasenter kan grovt delast inn i tre kategoriar: Hyperscale, Colocation (samlokaliseringssenter) og Edge.

Hyperscale (stort dedikert datasenter): Slike datasenter er som oftast eigde og drifta av store internasjonale aktørar som Facebook, Microsoft, Apple, Amazon og Google slik at dei skal kunne levere sine eigne tenester, anten det er infrastruktur (lagring og databehandling), plattformtenester eller programvare levert som teneste. Desse tenestene blir nytta av mange forskjellige brukarar, og avhengig av tenesta blir dei marknadsførte både mot næringsdrivande og forbrukarar.

Colocation (samlokaliseringssdatasenter): Slike datasenter er eigde og drifta av ein datasenteroperatør, for eksempel Digiplex, Bulk og Green Mountain i Noreg eller selskap som Equinix, NTT eller CenturyLink internasjonalt. Operatøren sel anten plass, kjøling, nettsamband eller straum til mange forskjellige kundar som driftar eigen IT, eller så blir IT-drift seld som ei teneste. For eksempel driv Microsoft nokre av skyløysingane sine retta mot norske kundar frå slike samlokaliseringssdatasenter i Noreg.

Edge Ofte mindre installasjonar (typisk containerstorleik). Edge-senter er alltid lokalisert i nærleiken av staden der dataa blir genererte. Slike senter er som oftast eigde og drifta av teleselskap eller store it-operatørar som sel databehandlinga som ei teneste.

Norske datasenter, KMD 2018



1.2 Om tiltaket

Krefter AS ønskjer å utvikle et cloud computing datasenter, sannsynleg retta mot tunge AI applikasjonar. Datasenteret kan definerast som «hyperscale» (stort dedikert datasenter), etter oppstillinga i Norske datasenter, KMD 2018. Arealet skal regulerast til høg utnyttingsgrad (over standard for industri), og eit førebels estimat for ny bygningsmasse kan vera opptil 25 000-30 000 kvm, med vasskjøling, som føretrekt kjølemetode.

Kjølemetode vatn skal prøvast ut i testanlegg parallelt med planarbeidet. Sidan dette er teknologi under uttesting ønskjer reguleringsplanen å opne for alternative kjølemetoder, td. oljebasert kjøling eller luftkjøling. Vald kjølemetode vil ha mykje å seie for verknad av tiltaket gjennom støy, bygningsmasse/terrenginngrep og moglegheiter for gjenbruk av restvarme.

Eit datasenter i slik størrelse kan krevje store investeringar i nytt nett, for tilknyting anten på regional- eller transmisjonsnettnivå, avhengig av plassering og kapasitet i eksisterande nett. Nettselskapa har ei plikt til å tilknyte forbruk på alle nettnivå. Datasenteret arbeider med etablering på tilstøytande næringsareal med eit effektforbruk på 10-15 MW. Reguleringsplanen skal gje høve til vidare utviding. Gitt at datasenteret får nok kundar, kan det totale effektuttaket for eit enkelt datasenter blir meir enn 100 MW.

Planarbeidet skal også legge til rette for naudsynte sikringstiltak mot skred/flaum, veg/infrastruktur, samt masseuttak med næring som etterbruk. Masseuttaket er berørt av eksisterande høgspentlinjer, og må tilpassast sikringssonar. Formålet skal legge til rette for massedisponering og uttak i samband med etablering av næringsareal, og etterbruken til næringsformål er sentral. Formålet skil seg med dette noko frå ei tradisjonell uttaksdrift.

1.2.1 Lovgrunnlag

Det skal utarbeidast ein detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova kap. 12. Heimlar for krav om planprogram er plan- og bygningslova §4-1, og §6 i forskrift om konsekvensutgreiing (FOR-2009-06-26-855).

1.2.2 Behov for utbyggingsavtale

Det går fram av kommuneplanens arealdel sine føresegner (kapittel 3) at utbyggingsavtaler skal brukast der det er nødvendig å sikre at utbygginga skjer i samsvar med intensjonar i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan. Det må utarbeidast utbyggingsavtale for anlegg for vatn og avlaup, herunder tilgang på brannvatn.

1.3 Krav om konsekvensutgreiing av planen

Planarbeidet er vurdert etter Forskrift om konsekvensutredning, og det er funne at planarbeidet fell inn under § 6 pkt. b, - dvs. planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding. Tiltaka det blir regulert for vil bli omfatta av konsekvensutgreiingsforskrifta Vedlegg I pkt. 24: "Næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg for til allmennyttige formål med eit bruksareal på meir enn 15.000 m²."

Planprogrammet skal avgrense og fastsette rammer og føringa planoppgåva, klargjere konsekvensar og problemstillingar og avklare utgreiingsbehov i forhold til miljø og samfunn. Det skal gje høve til tidleg medverknad og sikre ei politisk forankring.

Konsekvensutgreiinga skal identifisere og omtale dei faktorane som kan verte påverka av planlagde tiltak og vurdere vesentlege verknader for miljø og samfunn. Utgreiingsarbeidet skal ikkje vere meir omfattande enn naudsynt, men skal sikre at problemstillingar som er relevante for planvedtaket vert opplyst.


2 Planområdet

2.1 Planavgrensing

Planområdet er geografisk plassert ved tettstaden Lalm, i Vågå kommune, om lag midtvegs mellom Otta og Vågåmo.

Planområdet ligg innanfor, og som ei utviding av eit etablert næringsområde på Kolbotn. Føreslått planavgrensing omfattar sørvestleg del av formål N17E (hoverande næringsbebyggelse). Føremålet er i hovudsak utbygd, forutan to tomter i sør.,

Planavgrensinga omfattar vidare heile N01 (framtidig næringsbebyggelse), R/N01 (kombinert bebyggelse og anlegg) og G01 (framtidig grønstruktur) i gjeldande kommuneplan, samt Kvennbergvegen og ei sone på om lag 50 m aust for denne (LNF-formål). Det er òg teke med eit areal knytt til kryss mot riksveg 15 sør i planområdet.



Føreslått planområde med ein storleik på om lag 183 daa.

2.2 Bruk av planområdet

Arealet er i dag hovudsakeleg tresett, forutan ein høgspenttrasé som kryssar planområdet i sør.


Om lag 500 meter nordvest for næringsområdet ligg eit større idrettsanlegg, med mellom anna fotballbane, ishockey- og curlinganlegg, tennisbane, rulleskiløype, discgolf-bane og gapahuk.

Vest for området ligg Tolstadkvennberget, som er eit kvernsteinsbrot frå mellomalderen. Anlegget er automatisk freda etter kulturminnelova. Området har fleire synlege spor etter denne drifta, og er òg lokalt viktig i friluftssamanheng og for kunnskapsformidling av tidlegare tiders aktivitet i området.

Nord for Kvennbergvegen ligg naturtypelokaliteten *Jukulbergje V*, som av Miljødirektoratet er kategorisert som *svært viktig kalkbarskog*. Dette som følgje av områdets spesielle naturgeografiske forhold og lokalklima, store område med ekstremtørr kalkfuruskog, lågurtskog og sandfuruskog. Det meste er gammelskog med rikeleg daudved, med eit arts mangfald som er beskrive som rikt med registreringar av mellom anna *elfenbenslav* som er kategorisert som sterkt trua samst ei rekke nær trua arter.

Sør for planområdet ligg riksveg 15, og like ovanfor denne ligg landbrukseigedommen Fossen Gbnr. 1/20, med våningshus/bustad. På sørssida av Ottaelva er det spreidd bustad og landbruksbebyggelse. 900 meter nordvest for planområdet ligg og eit større bustadfelt med hovudsakleg einebustader.

Sør for planområdet ligg også Ottaelva og Eidefoss kraftstasjon. Høgspenttraséen som kryssar planområdet i sør er består av 73kV forsyningssline S66 Eidefossen (Fjellnett AS) og ein 22kV line.



Oversikt over kraftsystem og nettanlegg, som er sentral infrastruktur for planarbeidet.

2.3 Tilkomst

Tilkomst til planområdet er via Kvennbergvegen, som har avkjøring frå riksvegen aust for planområdet. Føreslått planavgrensing tek utgangspunkt i arealføremåla N01, R/N01, G01, sørleg del av N17E og LNF-areal på austsida av Kvennbergvegen, i gjeldande kommuneplan for Vågå. Avgrensinga er vidare føreslått slik at ein sikrar naudsynt areal kring avkjøring frå rv. 15 søraust for planområdet, samt eit areal på austsida av Kvennbergvegen.

2.4 Eigedomstilhøve

Følgande eigedommar inngår heilt eller delvis i forslag til planavgrensing:
- Gnr./bnr. 1/1, 1/35 og 1/50.

3 Overordna planar og føringer

3.1 Nasjonale føringer

Nasjonale føringer for planarbeidet:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023

- Konsekvensutredninger for klima og miljø, M-1941
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing
- Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging T-1520/2012
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga
- Retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegginga T-1442/2021
- Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling H-5/18
- Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar (NVE-rettleiar nr 4/2022)
- Flaum- og skredfare i arealplanar (NVEretningslinjer nr. 2 – 2011). Revidert 22. mai 2014.
- Rettleiar for Universell utforming i planlegging (H-2480/2021, Kommunal- og moderniseringsdepartementet)
- Europarådets landskapskonvensjon 2021 (tidlegare "Den europeiske landskapskonvensjonen")
- Norske datasenter – bærekraftige, digitale kraftsenter, KMD 2018

3.2 Regionale føringer

Regionale føringer for planarbeidet:

- Regional plan for verdiskaping 2018-2030
- Regional plan – Kompetanse for arbeidsliv i rask endring 2018 – 2030
- Regional plan for samferdsel 2018-2030
- Regional plan for Gudbrandsdalslågen med sidevassdrag
- Regional plan for samfunnssikkerhet og beredskap 2018-2021

3.3 Kommunale føringer

3.3.1 Kommuneplanens samfunnsdel 2017-2027

Kommuneplanens samfunnsdel seier at Vågå skal vera ein inkluderande kommune med Vågåmo som eit levande og attraktivt kommunesentrums. Under denne visjonen er det å finne fire hovudfokusområde, som og er relevante for formålet med dette planarbeidet. Kvar av desse hovudfokusområda har mål og strategiar, der følgjande er funne spesielt relevant:

- **Levekår**
 - Målretta og langsiktig omdømmebygging for å gjera kommunen og regionen attraktiv som område for etablering av nye arbeidsplassar
 - Heilskapleg tenking rundt inkludering, deltaking og medverknad i alle planprosessar, og spesiell merksemd på fysisk tilrettelegging og trafikksikring av nærmiljø
- **Næringsutvikling**
 - Nyte moglegitene som ny teknologi gjev t.d. for verksemder som er staduavhengig, der ny teknologi kan gje mogleheter for å skape nye og attraktive arbeidsplassar i kommunen
- **Stadutvikling**
 - Sikre eit konsentrert næringsområde med effektiv bruk av areala der estetikk, tilgang og universell utforming er vektlagt.
 - Legge til rette for næringsutvikling ved å sikre tilstrekkeleg næringsareal for framtida, samt stimulere til etablering ved direkte oppfølging av, og samarbeid med, næringslivsaktørar
 - Omsyn til miljø, kulturmiljø, estetikk, tilgjenge og universell utforming skal generelt leggast til grunn i planlegging av omgjevnader og bygningar
- **Klima, samfunnstryggleik og beredskap**
 - Arbeide målretta for å redusere sannsynet for tilskita menneskelege handlingar og konsekvensar av desse, både i eigen organisasjonen og i samfunnet elles

3.3.2 Kommunal planstrategi for Vågå kommune 2020 -2024

Visjonen «Vågå – eit verdival og hovudfokusområdene frå kommuneplanens samfunnsdel er vidareført i planstrategien. To uthøva satsingsområde er særleg relevant for planarbeidet:


- Vågå næringspark og Lalm industriområde – vidareutvikle til eit attraktivt handels- og næringsområde
- Styrke eksisterande bedrifter og utvikle nye arbeidsplassar

3.3.3 Kommuneplanens arealdel 2017-2027

Planområdet er i kommuneplan vist som område N01 (Kolbotten II) og område R/N01 (Tolstadmoen) samt LNRF-areal på nordsida av Kvennbergvegen, jf. kommuneplanens arealdel for Vågå, vedteken av kommunestyret 09.08.2017. I kommuneplanføresegnene § 9.10.1 (Nye område for råstoffutvinning) og § 9.11.1 (Nye område for næring med krav om regulering) står det følgjande plankrav for områda:

Områdenamn	Plankrav
N01 Kolbotten II	Området skal regulerast. Det skal leggjast opp til ein høg arealutnytting med fasade vendt mot industrivegen.
R/N01 Tolstadmoen	Området skal regulerast. Det må utarbeidast støyanalyse.

Reguleringsarbeidet er i tråd med kommuneplanens arealdel.



Utsnitt av kommuneplanens arealdel

3.3.4 Gjeldande reguleringsplanar


Vestre del av planområdet, samt del av tilkomstvegen inngår i gjeldande reguleringsplanar i dag. Planstatus på reguleringsplannivå for området i dag er vist under.

Ny plan vil delvis erstatte følgjande gjeldande reguleringsplanar:

Plan ID	Godkjent	Plannamn	Formål som blir berørt
1980001	17.05.1980	Kolbotten	Industriområde og friluftsområde (arealet er i kommuneplanen vist som N17E)
2006001	17.01.2008	Veg rv 15 - Lalm industriområde	Vegareal

Ny plan vil reinse til følgjande gjeldande reguleringsplan:

Plan ID	Godkjent	Plannamn	Formål som blir berørt
05152014002	16.12.14	Tolstadmoen masseuttak	Ingen



Kartutsnitt frå kommunen si planbase som viser gjeldande reguleringsplanar i området.

4 Alternativ

Jf. KU-forskrifta skal det gjerast greie for ulike alternativ ved konsekvensutgreiing og konsekvensane av alternativa skal samanliknast.

0-alternativet er situasjonen dersom det planlagde tiltaket ikkje vert gjennomført. I dette tilfellet vil eit 0-alternativ vere at området vidareførast som LNF-formål.

Alternativ 1a Det leggast til rette for datasenter innanfor rammene av kommuneplan, i kombinasjon med næringsområde, og råstoffutvinning med næringsformål som etterbruk. Det er fleksibilitet i høve kjølemetodikk (luft- eller vasskjølt) og utslepp direkte til recipient.

Alternativ 1b Det leggast til rette for datasenter innanfor rammene av kommuneplan, i kombinasjon med næringsområde, og råstoffutvinning med næringsformål som etterbruk. Kjølemetodikk er avgrensa til vasskjøling som kjølemetodikk og det vert stilt krav til uttak av energi fra temperert kjølevatn før utslepp til recipient.

Alternativ 2 Det leggast til rette for datasenter i redusert omfang, og for ein avgrensa del av planområdet. Arealet R/N01 (kombinert bebyggelse og anlegg) og G01 (framtidig grønstruktur) fell ut av reguleringsplan og vert ikkje gjennomført.

5 Konsekvensar for miljø og samfunn

5.1 Metode og omfang

Konsekvensutgreiinga skal identifisere og omtale dei faktorar som kan verte påverka av planlagde tiltak og vurdere vesentlege verknader for miljø og samfunn. Utgreiingstema er vurdert etter § 21 i KU-forskrifta, og relevante utgreiingstema er lista opp under. Lista er utfyllande for KU-tema, men planomtala vil og innehalde andre mindre vesentlege tema som ikkje er lista opp under. Tema som har store positive eller negative konsekvensar for miljø og samfunn skal konsekvensutgreiast, medan andre tema handterast i planomtala eller fagnotat.

	KU MD-1941	Planomtale	Anna fagrappo
<i>Miljøkonsekvensar</i>			
Naturmangfold	x		
Landskap	x		
Kulturminne/kulturmiljø	x		
Friluftsliv	x		
Naturressursar, inkl. landbruksfaglege vurderinger	x		
Forureining inkl. støy	x		
Klimagassutslepp	x		
Vassmiljø	x		
Økosystemtenester	x		
<i>Ringverknader</i>			
Folketalsutvikling og mål i kommuneplanen		x	
Næringsliv og sysselsetting		x	
<i>Andre konsekvensar</i>			
Energiforbruk og energiløsingar			x
Grunntilhøve			x
Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS-analyse)			x
Tekniske anlegg			x
Folkehelse		x	
Universell utforming		x	
Born og unges oppvekstvilkår		x	
Arkitektonisk og estetisk utforming		x	

5.1.1 Metode

Generell metodikk for vurdering av verknader og konsekvensar av planforslaget vil vere følgjande punkt, men framstillinga kan variere avhengig av kva som er hensiktsmessig for det enkelte tema.


- Informasjonsinnhenting og beskriving /verdivurdering av dagens situasjon
- Beskriving, berekning og vurdering av tiltaket sine verknader
- Beskriving av tiltak som kan redusere eventuell negativ verknad av tiltaket (skadereduserande tiltak)


I konsekvensutgreiinga for dette planarbeidet er det valt å ta utgangspunkt i Miljødirektoratets rettleiar M-1941 Konsekvensutreiingar for klima og miljø (2021), for val av tema samt vurderingsmetode. Saman med dei tema som vert omtala i planomtalen dekker rettleiar M-1941 dei tema som vert kravd av ein konsekvensutreing etter forskrift om konsekvensutreiing § 21.

5.2 Utgreiingsprogram


Utgreiingsbehovet går fram under dei ulike punkta ovanfor, men ei samanstilling av moglege konsekvensar og utgreiingsbehov er skjematiske framstilt i tabellen under for å gi ei samla oversikt. Planomtalen skal skildre og konkludere på aktuelle utgreiingstema .

5.2.1 Miljøkonsekvensar

Tema	Naturmangfald
Dagens situasjon	<p>Nord for Kvennbergvegen ligg naturtypelokaliteten <i>Jukulbergje V</i>, som av Miljødirektoratet er kategorisert som <i>svært viktig kalkbarskog</i>. Dette som følge av områdets spesielle naturgeografiske forhold og lokalklima, store område med ekstremtørr kalkfuruskog, lågurtskog og sandfuruskog. Det meste er gammelskog med rikeleg daudved, med eit artsmangfald som er beskrive som rikt med registreringar av mellom anna <i>elfenbenslav</i> som er kategorisert som sterkt trua samt ei rekke nær trua arter. Planarbeidet me følgje opp gjeldande forskrift (ikraftsett 8.10.2021) <i>Forskrift om elfenbenslav som prioritert art</i>. Nokre andre registreringar på raudlisteartar ligg innanfor eller inntil planområdet.</p>  <p>Avgrensing av naturtypelokaliteten Jukulbergje V (Kjelde www.naturbase.no)</p>

	
	<i>Utsnitt av plansituasjonen i området og forekomst av arter av nasjonalforvaltningsinteresse.</i>
Problemstillingar	Konsekvensar for naturmangfald ved utbygging, råstoffutvinning og evt. sikringstiltak mot skred i bratt terreng , og evt. infrastrukturtiltak.
Utgreiingsbehov	Det vil bli gjennomført ei kartlegging, som tilleggsregistrering i dei aktuelle tiltaksområda, med særleg fokus på raudlista lav, moser og sopp. Ein skal vidare vurderer verdi, påverknad og konsekvensgrad for landskap i samsvar med M-1941. Dette vil gje dokumentasjon som oppfyller krav til vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Tema	Landskap
Dagens situasjon	Området Kolbotn ligg i eit landskapsrom mellom Jukulbergje og Tolstadkvennberget, som opnar seg i sør mot Rv. 15 og Tolstadmoen, og i nord mot idrettsplassen og bustadområda i Lalm tettstad. 
	<i>Utsnitt av 3D-modell. Kjelde: 3D.kommunekart.com</i>
Problemstillingar	Nær- og fjernverknader av tiltaka, vurdere avbøtande tiltak i form av vegetasjonsskjerming, terrengbehandling og bygningsstrukturar.
Utgreiingsbehov	I planarbeidet skal verdi, påverknad og konsekvensgrad for landskap greiast ut i samsvar med M-1941. Verknaden av nye bygningsvolum, terrassering av næringsareala, og etappevis istandsetting/avslutning av masseuttak med etterbruk som næringsareal, vurderast. Avbøtande tiltak kan redusere både nær- og fjernverknad av tiltaket. Det vil bli utarbeidd ein 3D-modell som syner fjern- og nærverknad. Det kulturhistoriske landskapet på Tolstadkvennberget vert vurdert under kulturminne/kulturmiljø. Forslag til førebyggande og avbøtande tiltak i anleggs- og driftsfase skal gjerast greie for.

Tema	Kulturminne/kulturmiljø
Dagens situasjon	I kulturminnebasen Askeladden er det registrert fleire automatisk freda kulturminne og freda kulturminne innanfor og i nær tilknyting til planområdet. Det er spesielt det større, kulturhistoriske landskapet på Tolstadvennberget, som er vedtaksfreda i 1987 (ID 86424) og har klåre spor frå kvernsteinsbrotag andre freda automatisk freda lokaliteter med stort tidsdjup, omfang og stor opplevingsverdi.  <p><i>Utsnitt av dagens situasjon i kulturminnedatabasen (Kjelde: RA).</i></p>
Problemstillingar	Avklare forholdet til kulturminne med tilleggsundersøkingar og kartlegging, vurdering av avbøtande tiltak i form av vegetasjonsskjerming, tilpassing av tiltaksområde og terregnbehandling.
Utgreiingsbehov	I planarbeidet skal verdi, påverknad og konsekvensgrad for det kulturhistoriske landskapet på Tolstadvennberget greiast ut i samsvar med M-1941. Potensialet for ukjende, automatisk freda kulturminne skal avklarast. Planområdet er ikkje tidlegare synfart med omsyn til kulturminne. Forslag til førebyggande og avbøtande tiltak i anleggs- og driftsfase skal gjerast greie for.

Tema	Friluftsliv
Dagens situasjon	Tolstad-Kvennberget har verdi som friluftsområde både som nærturområde ved idrettspllassen og bustadområdene på Lalm.
Problemstillingar	Gjere greie for verknader for friluftsområde, uteareal i tettstaden Lalm som er ålmənt tilgjengeleg, idrettsanlegg, nett for turstigar og tursykling.
Utgreiingsbehov	I planarbeidet skal verdi, påverknad og konsekvensgrad for friluftsliv skal greiast ut i samsvar med M-1941. Forslag til førebyggande og avbøtande tiltak i anleggs- og driftsfase skal gjerast greie for.

Tema	Naturressursar, inkl. landbruksfaglege vurderinger
Dagens situasjon	Store deler av planområdet berører skog, i hovudsak på middels og låg bonitet. Det er ikkje registrert utmarksbeitebruk i planområdet.
Problemstillingar	Gjere greie for verknader for naturressursar, herunder landbruksressursar og viktige mineralressursar.
Utgreiingsbehov	I planarbeidet skal verdi, påverknad og konsekvensgrad for naturressursar greiast ut i samsvar med M-1941. Utgreiinga skal skildre varig og midlertidig beslag av skog, samt eventuelle konsekvensar av berøring med grunnvassbrønnar, grus-, pukk-, og mineralførekommstar av betydning i planområdet. Det nyttast offentleg tilgjengeleg data til kartlegginga.

Tema	Forureining inkl. støy
Dagens situasjon	Innanfor planområdet er det ingen kjende registreringar, eller areal som ligg i gul eller raud sone med omsyn til forureining.

Problemstillingar	Avklare forhold rundt eventuelle utslepp frå ulike forureiningskjelder og påverknad for omgjevnadene.
Utgreiingsbehov	Vurdere verknad og konsekvensgrad for kvart enkelt relevante forureiningstema. Ein legg til grunn gjeldande grenseverdiar i T-1442 (støy), T-1520, jf. forurensningsforskriften kap. 7. (luftkvalitet) og vassforskrifta med gjeldande føringar frå MD.

Tema	Klimagassutslepp
Dagens situasjon	Ingen registrerte, karbonrike areal eller klimagassutslepp er registrert i planområdet i dag.
Problemstillingar	Gjere greie for tiltaket sin verknad for klimagassutslepp, trafikk og transportmønster. Energiløysingar og moglekeit for gjenbruk av overskotsvarme frå datasenter/næringsbygg.
Utgreiingsbehov	Vurdere endring i klimagassutslipp ved dei ulike alternativa.

Tema	Vassmiljø
Dagens situasjon	Den økologiske tilstanden i vurderes i dag som god i Otta (elv) og sidevassdraga til denne. Sjå elles utgreiingstema for naturmangfold og forureining
Problemstillingar	Gjere greie for nye aktivitetar/tiltak sine verknader for vassforekomstene i høve til rettleiar M-1941.
Utgreiingsbehov	Temaet vert ikkje utgreidd særskilt, men vert omtala som del av dei ulike andre utgreiingstema, som konsekvensar for naturmangfold og forureining.

Tema	Økosystemtenester
Dagens situasjon	Sjå utgreiingstema naturmangfold, landskap og friluftsliv
Problemstillingar	Gjere greie for nye aktivitetar/tiltak sine verknader for økosystemtenester i høve til rettleiar M-1941.
Utgreiingsbehov	Temaet vert ikkje greidd ut særskilt, men vert omtala som del av dei ulike andre utgreiingstema, som konsekvensar for naturmangfold og landskap og friluftsliv

5.2.2 Ringverknader

Tema	Folketalsutvikling og mål i kommuneplanen
Dagens situasjon	Skildra i pkt 3.3.1 og kommuneplanens samfunnsdel 2017-2027
Problemstillingar	Gjere greie for verknader for pendling og busetting lokalt, samt for kommuneøkonomi og eigedomsskatt.
Utgreiingsbehov	Kvalitative vurderingar, då det vil vere vanskeleg å talfeste desse verknadene.

Tema	Næringsliv og sysselsetting
Dagens situasjon	Skildra i pkt 3.3.1 og kommuneplanens samfunnsdel 2017-2027.
Problemstillingar	Vurdere direkte verknader: sysselsetting i industriområdet og indirekte verknader: anna sysselsetting i kommunen og mogleheter for knoppskyting/nyetablering av verksemder(er).
Utgreiingsbehov	Kvalitative vurderingar, då det vil vere vanskeleg å talfeste desse verknadene. Eit unnatak kan vere sysselsettingsverknader, der ein vil forsøke å estimere ringverknader (direkte, indirekte og konsumverknader) av mogleg utvikling i næringsområdet.

5.3 Andre tema som skal vurderast i planomtalen

5.3.1 Energiforbruk og energiløysingar

Reguleringsplanen skal legge til rette for datasenter, som krev store mengder straum både til datahandsaming og kjøling. Tilgangen til kraft og lokaliseringa er gjort på bakgrunn av nærlieken til Eidefoss kraftstasjon og forsyningsnettet. Straumuttak frå forsyningsnettet vil krevje at det må etablerast transformator i området. Dette må avklarast i planarbeidet. Konsekvensar av planforslaget for tema transportbehov, energiforbruk og energiløysingar vert skildra i planomtalen, i den grad det er relevant for planarbeidet.

5.3.2 Grunntilhøve


Etablering av datasenter krev gode grunntilhøve, dvs. faste morenar eller fjell. Geoteknikar vil gjennomføre synfaring for å vurdere grunntilhøva i tidleg planfase. Dersom synfaringa viser at grunnundersøkingar er naudsynt for å dokumentere stabilitet for planlagte tiltak, heriunder sikringstiltak mot skred, terrassering av byggeareala mv. vil dette bli gjort i løpet av planprosessen. Dokumentert områdestabilitet vert lagt til grunn for planarbeidet.

5.3.3 Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS-analyse)

Det skal utarbeidast ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for reguleringsplanen jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen baserast på tilgjengeleg informasjon og gjennomførast i tråd med DSB sin rettleiar «Samfunnssikkerhet i kommunane si arealplanlegging». Aktuelle tema er:


- Ureining
- Beredskap og ulukkesrisiko
- Verknader som følge av klimaendringar
- Trafikkavvikling og trafikktryggleik
- Kriminalitetsforebygging/sabotasje

Tilgjengeleg grunnlag frå faresonekartlegging kjelde: NVE kartkatalog, syner at planområdet ikkje gir tilfredsstillande tryggleik for S3-tiltak. For å dokumentere at det er mogleg å ivareta krava til tryggleik i området, skal prosjekterast løysingar for sikringstiltak.



Utsnitt frå NVE kartkatalog, faresonekart for skred

Det skal bli gjennomfør faresonekartlegging av området med omsyn til reell flaumfare, saman med overvassplan som blir lagt til grunn for planforslaget. Det skal takast høgde for klimapåslag. Bruk av naturleg fordrøyning ved bruk av "grønne" flater vurderast.



Utsnitt frå NVE kartkatalog, aktsemdskart for flaum

5.3.4 Tekniske anlegg

Løysingar for vegar, vassforsyning og avlaupshandtering og tekniske innretningar som har betydning for arealbruken som kjøleanlegg, røygater, koblingsanlegg osv skal beskrivast i den grad det er relevant for planarbeidet. Denne delen av planmateriale følgjer som fagnotat og/eller skildring i planomtalen. Løysingane vil vera eit sentralt grunnlag for utarbeidning av reguleringsplan, og skal følge gjeldande standardar som vegvesenet si handbok N100 "Veg- og gateutforming, kommunal VA-norm mv.

5.3.5 Folkehelse

Befolkninga si helse og helsa si fordeling i befolkninga er eit tema som etter konsekvensutgreiingsforskrifta § 21 skal vurderast om det skal utgriast. Befolkninga si helse og helsa si fordeling i befolkninga vert dekka av ulike andre utgriingstema som friluftsliv, støy og forureining, og beskrivast elles i planomtalen i den grad det er relevant for planarbeidet.

5.3.6 Universell utforming

Tilgjengeleghet for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett er eit tema som etter konsekvensutgreiingsforskrifta § 21 skal vurderast om det skal utgriast. Ei vurdering og skildring av planforslaget sin verknad på tilgjenge for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett og universell utforming vert dekka av ulike andre utgriingstema som friluftsliv, og beskrivast elles i planomtalen i den grad det er relevant for planarbeidet.

5.3.7 Born og unges oppvekstvilkår

Born og unge sine oppvekstvilkår er eit tema som etter konsekvensutgreiingsforskrifta § 21 skal vurderast om det skal utgriast. Born og unge er ei gruppe som skal i ta særskilt vare på i planprosessar. I arbeid med planforslaget vil det bli avklart om området vert nytta av barn og unge. Generell tryggleik for barn må også vurderast. Barn og unge ferdes ofte som mjuke trafikantar og dette er ei gruppe som skal vurderast særskilt når trafikkloysingar skal drøftast under temaet trafikk. Tema som gjeld barn og unge sine oppvekstvilkår vert utgriidd i samband med tema friluftsliv, og beskrivast elles i planomtalen i den grad det er relevant for planarbeidet.

5.3.8 Arkitektonisk og estetisk utforming

Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet er eit tema som etter konsekvensutgreiingsforskrifta § 21 skal vurderast om det skal utgriast. Ei skildring av planforslaget sine tiltak med omsyn til arkitektoniske og estetiske utforming vert skildra i

samband med tema landskap, og beskrivast elles i planomtalen i den grad det er relevant for planarbeidet.

6 Organisering av planprosess

6.1 Medverknad og informasjon

Medverknad i planprosessen fylgjer krava i plan- og bygningslova §§ 5.1 og 5.2. Planprogrammet og varsel om oppstart blir kunngjort i lokalavisa Fjuken og på nettsidene til Vågå kommune. I tillegg blir papirutgåve lagt fram til gjennomsyn på servicekontoret i kommunehuset i Vågå kommune.

Kommunen har lagt til grunn at saka blir lagt fram for Regionalt planforum før det kan varslast oppstart av planarbeid. Dette for å få best mogleg oversikt tidlig i prosessen, og gje mest mogleg føreseielegehet for planprosessen. Det vil bli vurdert underveis i prosessen om det er behov for å arrangere folkemøte, eventuelt vil dette bli gjennomført i samband med utlegging av detaljreguleringsplanen til offentleg ettersyn og høyring.

Varsling og høyring av detaljreguleringsplanen vil skje på same måte som for planprogrammet.

6.2 Arbeidsopplegg og framdrift

Det har vore gjennomført oppstartsmøte i samband med planprogrammet og dialogmøte vil bli halde ved behov heile planprosessen, i tillegg til informasjonsutveksling per telefon og e-post. Samarbeidet med offentlege instansar vil skje i form av møte og gjennom dialog og innspel i samband med høyringar og oppstartsvarsel.

Planprogram og høyringsforslag av detalj/områdeplanen vil bli politisk forankra gjennom behandling i planutvalet i Vågå kommune.

Tabellen under gir ei grov oversikt over berekna framdrift i arbeidet slik ein forventar det i dag. Behandlingstidspunkt i kommunen avhenger av saksmengd og møteplanar.

Fasar i planarbeidet	Framdrift
Utarbeiding av forslag til planprogram	Mai 2022
Kunngjering oppstart av planarbeid og høyring av forslag til planprogram. Behandling av merknader	Sommar 2022
Vedtak av planprogram	September 2022
Utarbeiding av planframlegg med konsekvensutgreiing inkl. temarapportar (kan gå parallelt med høyringa av planprogrammet, men vert ideelt sett starta opp etter at planprogrammet er fastsett).	August - Oktober 2022
Utarbeiding av detaljreguleringsplan	November 2022
Kommunal saksbehandling, vedtak om offentleg ettersyn planutvalet	Desember 2022
Planframlegg på høyring, behandling av merknader	Vinter 2023
Revidering av plankart og planomtale. Eventuelt nytt offentleg ettersyn	Vinter 2023
Vedtak av detaljreguleringsplan	Vår 2023

